

Sogndal, 21. mai 2010

Til Det kongelege arbeidsdepartement

Høyringsuttale frå Høgskulen i Sogn og Fjordane om "Utredning om hvordan høgere utdanning kan bidra til å dekke langsiktige kompetansebehov i arbeids- og velferdsforvaltningen".

Høgskulen i Sogn og Fjordane (HSF) viser til brev frå Det kongelege Arbeidsdepartement datert 26.3.2010 (referanse 201000809/MAT). I brevet vert det bedt om synspunkt på dei utfordringane, tiltaka og anbefalingane som kjem fram i Rambøll Management si utgreiing om dei langsiktige kompetansebehova i Arbeids- og velferdsforvaltninga. HSF støttar i all hovudsak dei synspunkta som kjem fram i denne utgreiinga, men ynskjer å kommentere nokre punkt.

I utgreiinga kjem det fram at velferdsstudiane og sosionomstudiet er dei utdanningane som i dag best dekker dei kompetansebehova som Nav har. Velferdsstudia er mest relevant i følgje ein del informantar. Det nærliggande ville då kanskje vere å styrke og bygge ut desse utdanningane. Slik vi vurderer det vil dette ikkje vere fornuftig sidan det er stor semje om at det ikkje bør byggjast opp ei etatsutdanning for Nav. Vi trur det er fullt mulig å styrke dei eksisterande studietilboda i sosialt arbeid (utan å kome i konflikt med rammeplanar) slik at kunnskapsbehova i Nav kan bli dekkja gjennom tilpassingar og endringar i desse.

Etter kvart som fleire forskings- og evalueringsrapportar og fagartiklar om Nav er gjort tilgjengelege, er det naturleg å ta desse inn som pensum i grunnutdanningane. Vi er samde i at juridiske emne (primært trygderett), arbeidslivskunnskap og


veiledningskompetanse, er sentrale tema som bør styrkjast i sosialarbeidarutdanningane for å møte Nav sine behov. Det er likevel litt uklart kva som ligg i anbefalingane om å styrkje veiledningskompetansen. Vi hadde gjerne sett at det kom tydelegare fram kva for type veiledningskompetanse som bør styrkast. Utdanningane i sosialt arbeid er gode på kommunikasjons- og relasjonsarbeid – eit fagområde som det er stort behov for i Nav. Fleire forskings- og evalueringsarbeid viser til at det er eit problem at det i Nav har blitt for lite tid til "tett" oppfølging av brukarar med samansette behov. Dette er tidkrevjande arbeid som sosionomar har hatt særlege føresetnader for å utføre i den tidlegare sosialtenesta. Vi er usikre på om ei styrking av veiledningskompetansen skal bety ei satsing på meir breiddekunnskap eller om det skal bety meir grunnleggjande ferdigheiter i kommunikasjon og samhandling med dei meir tidkrevjande brukarane i Nav. Så lenge dette ikkje er presisert er det vanskeleg å ta stilling til dette punktet i anbefalingane.

HSF er samd i at samarbeidet med Nav i høve til studentpraksis bør styrkjast, men vi ynskjer å understøtte at dette betyr at dei lokale Nav-kontora bør utvikla gode rammer og struktur rundt dette for at det skal kunne fungere godt. Vi er samde i at dette er eit av dei viktigaste samarbeidsområda som det må arbeidast med for å utvikle kompetansen og kunnskapen om Nav i utdanningsinstitusjonane. Det er også eit godt verkemiddel å involvere tilsette ved lokale Nav- kontor i undervisningsopplegg ved utdanningsinstitusjonane.

HSF støttar synspunkta om å satse meir på forskning på Nav. Her bør det utviklast betre rammevilkår for å drive forskning ved at det vert stilt meir ressursar til rådvelde for å styrke dette forskingsfeltet. Modellen HUSK kan gjerne fungere som eit førebilde som kan utvidast til å gjelde alle regionane i Noreg.

Manglande IKT kunnskap ser ut til å vere eit gjennomgåande problem i Nav. Vi trur ikkje dette er eit særskilt fagområde som utdanningsmiljøa som driv velferdsutdanningar bør ha særleg ansvar for å tilby. Denne kompetansen må framleis byggjast i Nav gjennom ulike former for lokale (interne) opplæringsprogram. Vi vil her framheve at denne kompetansen best kan utviklast gjennom "skulder ved skulder" læring lokalt. Det har liten hensikt å tilby kurs som ikkje er direkte forankra i det daglege behovet og det daglege arbeidet ved dei lokale Nav-kontora.

Hsf støttar dei synspunkta i utgreiinga som omhandlar det framtidige behovet for høgare gradsutdanning i Nav. Utdanningsinstitusjonane bør arbeide for å få til fleire Mastergradsutdanningar der ein eller fleire Nav-relaterte modular kan inngå som ein del av utdanninga.



Gunnar Yttri

Dekan

Avdeling for samfunnsfag

Høgskulen i Sogn og Fjordane

Kopi:

Rektor Åse Løkeland, HSF

Studiedirektør Terje Bjelle, HSF

Studieleiar bachelor – sosialt arbeid Svanhildur Gudmundsdóttir, HSF